

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.05.2020
SAKSHANDSAMAR: Helge Robert Midtbø/Renate Kvamme
SAKA GJELD: **Makebytte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Førde og Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/4601

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.05.2020

STYRESAK:
029/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF vedtar makebytte av om lag 295 m² frå gbnr. 4647-43/213 mot om lag 559 m² frå Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane gbnr. 4647-43/211.
2. Saka vert sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Oppsummering

Helse Førde ønskjer å gjennomføre eit makebytte med Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane (BS-FSS) for å få fleire parkeringsplassar til Helse Førde (HF) sine leigetakarar på eigen eigedom, samt rydde i tomtegrenser.


Fakta

Helse Førde HF eig gbnr. 4647-43/213, Førde. Eigedommen har eit hybelhus med 19 einingar over adressene Blåkløkketunet 1 og Tiriltunet 6, også kjend som Familiehuset.

Naboeigedomen, gbnr. 4647-43/211, Blåkløkketunet 2-12 er eigd av Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane. Bustadane vert leigd inn av Helse Førde og framleigd til dei tilsette. Familiehuset og Blåkløkketunet 2-12 har ei felles utfordring knytt til parkering. Familiehuset har berre to parkeringsplassar til sine 19 einingar og då nyttar leigetakarane i Familiehuset parkeringsplassane til naboeigedomane, som då igjen ikkje har nok til sine leigetakarar.

BS-FSS har eit utbyggingsprosjekt i Vieåsen på gang, og kan nytte maskineri, anbodet og massane på ein tenleg måte, og har derfor foreslått å rydde i parkeringsbehovet og tomtegrenser i same høvet.

BS-FSS foreslår å gjennomføre eit makebytte som skissert på vedlagt planskisse. Helse Førde gir frå seg 294,4 m² (grøn innramming) til BS-FSS og får 558,9 m² (gul innramming) tilbake. Sjølv om Helse Førde får meir areal enn kva som vert frågitt, er areala omtrent likeverdige med tanke på verdi og moglegheit for utnytting. Helse Førde kan med dette opparbeide til saman 10 parkeringsplassar på eiga tomt; 5 parkeringsplassar på eksisterande tomt + 5 parkeringsplassar på makebytta areal. BS-FSS vil opparbeide fleire parkeringsplassar på sitt makebytta areal (grøn innramming og eksisterande areal (blå innramming)). Til saman vert det god parkeringsdekning for leigetakarane i Familiehuset og Blåkløkketunet 2-12.



Kommentarar

Makebyttet gir grunnlag for ei kostnadseffektiv opparbeiding av naudsynte parkeringsplassar. Arbeid og kostnader knytt til sjølve opparbeiding av parkeringsplassane vert organisert av BS-FSS og vidarefakturert til Helse Førde i eigen avtale.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at Helse Førde HF gjennomfører makebytte av om lag 295 m² av 4647-43/213 eigd av Helse Førde mot om lag 559 m² på 4647-43/211 eigd av BS-FSS.